

Ahmed Umars bunad





Ahmed Umar (fødd 1988) er ein tverrfagleg kunstnar som arbeider med keramikk, smykke, performance og grafikk. Han vart uteksaminert med mastergrad frå Kunsthøgskolen i Oslo i 2016.

Eg vaks opp i Sudan og kom til Noreg som politisk flykting i 2008. Då eg fyrste gong opplevde 17. mai i Noreg, såg eg for fyrste gong nordmenn som glade og fargerike. Eg vart så nyfiken og inspirert!

Inspirasjonen frå Hallingdal

Kunsthøgskolen gjennomførte eit kurs om broderi og vevtradisjonar i Noreg og Peru. Då var eg ei veke i Hallingdal og tre veker i Peru. I Hallingdal vart eg introdusert for «gamle bestemødrer», stoltheita deira over handverket og eigarskapen til snittet. Kleda var så vakre! Dei broderte rosene minte på ein måte om ornamenta frå den heilage moskeen i Mekka, og i Koranen – der det berre blir brukt plantelement. Likskapane mellom rosene i hallingbunaden og tradisjonell islamistisk utsmykking gav ei påminning om kor mykje vi har felles, på tvers av landegrensar.



FOTO: KATINKA HUSTAD

Eg hadde samtidig søkt norsk statsborgarskap, som eg seinare fekk. Det ville eg gjerne feire med å laga min eigen bunad. Eg tenkte det var feil å «kapre» tradisjonen i sin heilskap. I staden ville eg ha min eigen versjon – med element frå både Sudan og Hallingdal, som så kjærleg opna kistene og tradisjonane sine for meg.

Ingunn Stræte Lie og Borgny Feten i Ål sa ja til å samarbeide, sjølv om Husfliden hadde sagt nei. Eg tok utgangspunkt i det eg likte frå både kvinne- og mannsbunaden i Hallingdal og Mahdia-stilen i Sudan. Eg hadde også lyst på eit jentepannelin, men der gjekk det ei grense for kva som kunne akseptast av Borgny. Det syntest eg var lett å respektere. Eg kjem frå eit land med kolonihistorie og veit godt korleis det kjennest når nokon tek for seg av kulturen min for å setta han inn i nye samanhengar, utan å spørja om lov eller kreditere. Det eg ville, var jo å vise respekt og kjærleik for kvinnehandverket i Hallingdal. Difor gjekk eg i staden for ein tradisjonell sudansk turban. Skoa eg nyttar, er inspirert av både norske bunadsko og dei sudanske skinnsko markoob, som er herresko med leopardmønster.

Uniform?

Eg opplever den norske bunaden litt som ei uniform, med avgrensa moglegheiter for å gi han personleg preg. Etter mi meining bør vera opp til oss sjølv å velja korleis vi presenterer oss, korleis vi definerer og ser oss som pent kledd. Bunadsreferansane er godt bevart på museum og i skåpa heime hjå folk flest. Eg skulle ynskje at noko så vakkert som denne kledetradisjonen kan få rom for større personleggjering og slik følgje utviklinga i samfunnet og bli endå meir aktuell. Tenk om fleire kunne ha laga sin eigen bunad som reflekterer livet, historia og kreativiteten deira? Kunne ikkje det gjera gleda over å kle seg i bunad endå større?

Bunaden min er ei slags feiring av livet eg har levd. Eg vel det eg synest er pent og som passar meg. Eg vil vise både det sudanske og det norske, lausrive frå tankane om korleis ein skal vera som mann eller kvinne. Eg vil ikkje la meg diktere med tanke på korleis eg skal vise meg fram.



FOTO: KATINKA HUSTAD

Bunaden er laga av :
Borgny Feten (broderi)
Aleksander Sahr (saum)
Ahmed Umar (design)

– AHMED UMAR’S BUNAD –

Ahmed Umar (born 1988) is a multidisciplinary artist whose work spans the media of ceramics, jewellery, performance and graphics. He graduated from the Oslo National Academy of the Arts with a master’s degree in 2016.

I grew up in Sudan and came to Norway as a political refugee in 2008. The first time I experienced Norway’s Constitution Day was also the first time I saw Norwegians as happy, colourful people. I found it so intriguing and inspirational!

Inspiration from Hallingdal

When the Oslo National Academy of the Arts gave a course on embroidery and weaving traditions in Norway and Peru, I spent a week in Hallingdal and three weeks in Peru. During my time in Hallingdal I was introduced to these ‘old grandmothers’, to the pride they took in their handicraft and to their ownership of the cut. The garments were so beautiful! The embroidered

flowers somehow reminded me of ornamental elements from the sacred mosque in Mecca and in the Koran, where only plant motifs are used. The similarities between the floral motifs of the Hallingdal bunad and the decorative elements in traditional Islamic design was a reminder of how much we have in common across national borders.

“I would like to see more room for personalising something as beautiful as this traditional costume so that it can follow trends in society and become even more relevant.”

– Ahmed Umar

At the time I had applied for Norwegian citizenship, which subsequently was granted. So I wanted to celebrate this by making my own bunad. It felt wrong to “hijack” everything; instead I wanted to create my own version, with elements from both Sudan and Hallingdal, which so generously shared its cultural heritage and traditions with me.

Ingunn Stræte Lie and Borgny Feten from Ål agreed

to collaborate with me, even though Husfliden had said no. For my starting point, I chose elements I like in women's and men's bunads from Hallingdal and in Mahdia designs from Sudan. I also wanted a women's headdress, but that idea crossed the line for what Borgny could accept, and I had no trouble respecting that. I come from a country with a history of colonialism, and I know what it feels like when someone helps themselves to elements from my culture and uses them in new contexts without asking first or even acknowledging it. What I wanted to do was to show respect and love for the handicraft traditions of the women of Hallingdal. So I decided on a traditional Sudanese turban instead. The shoes are inspired by Norwegian bunad shoes and the Sudanese markoob, a men's leather shoe with a leopard-skin pattern.


Uniform?

I perceive the Norwegian bunad as a bit like a uniform, with little scope for giving it a more personal touch. I think it should be up to us to choose how we want to present ourselves, how we define what it means to be

well dressed. Bunad references are well preserved in museums and wardrobes in most people's homes. I would like to see more room for personalising something as beautiful as this traditional costume so that it can follow trends in society and become even more relevant. Imagine if more people could create their own bunad, one that reflected their life, their personal story and their creativity! Maybe that would make wearing a bunad even more pleasurable?

My bunad is a kind of celebration of the life I have lived. I choose whatever I think looks nice and suits me. I want to show elements from Sudan and from Norway, to liberate myself from established notions of what defines a man or a woman. I don't want to be told how I should present myself.

Ahmed's bunad (Norwegian national costume) **was** embroidered by Borgny Feten, sewn by Aleksander Sahr, and designed by Ahmed Umar himself.



«Eg skulle ynskje at
noko så vakkert som
denne kledetradisjonen
kan få rom for større
personleggjering og
slik følgje utviklinga i
samfunnet og bli endå
meir aktuell.»

– Ahmed Umar